

## Høyringsinnspel til planendringssøknad Gravdelen kraftverk, frå Lærdal fjellstyre

Me viser til invitasjon frå NVE til å gje innspel til ovannemnde søknad og godkjenning av utsetjing på frist om å koma med innspel frå rådgjevar Anne Karine Herland i NVE.

Lærdal fjellstyre forvaltar villreinjakta i statsalmenningane som ligg i Lærdal i Nordfjella sone 1, over totalt ca 170 000 daa. Vårt høyringsinnspel er såleis retta mot påverknad planendringa vil kunne ha på villreinen og reetableringa av villreinstamma.

Lærdal fjellstyre vil hovudsakleg peika på elementet i søknaden som går på utsetjing av frist for planlagt oppstart av anleggsarbeidet. Me meiner det er uheldig for reetableringa av villreinstamma i Nordfjella at arbeidet, ved eventuell godkjenning av utsett frist for oppstart til 2025, vil kunne føregå midt i reetableringsprosessen.

Me finn det underleg at det i søknaden blir argumentert for at arbeidet vil kunne bli gjennomført i karanteneperioden då Nordfjella skal vera fritt for villrein, når denne karanteneperioden etter planen blir avslutta i 2023 og eit av momenta i planendringssøknaden er utsetjing av oppstart for arbeidet til innan 2025. Vidare vil arbeidet då i ytste konsekvens kunne vara til i 2030, sju år etter mogleg start for reetablering av villreinstamma.

Me vil spesielt peika på at Østfold energi i sitt vedlegg 2 til søknaden – «Avlaringer i forhold til reetablering av reinsdyr i anleggsperioden» spekulerer i at reetableringsprosessen vil kunne bli utsett grunna funn av skrantesjuka på Hardangervidda. For det første er dette altså spekulasjonar, for det andre er reetableringa av ein villreinstamme – ein art Noreg har spesielt ansvar for – i eit så viktig villreinområde som Nordfjella av så stor biologisk og kulturell betydning, at faktorar som er eigna til å påverka dette negativt må så langt det let seg gjera unngåast. Vidare må etableringa av kraftverket i alle fall og for all del ikkje kunne nyttast som delargument for å utsetja reetablering av villreinstamma.

Utifrå ovannemnde følgjer Lærdal fjellstyre såleis Lærdal kommune sitt høyringsinnspel i saka på nokre av punkta som er ramsa opp etter følgjande tekst: «Dersom NVE likevel finn at planendringssøknaden skal godkjennast, vil kommunestyret sterkt rå til at desse vilkåra vert sett til løyvet: (...)» - altså punkta om at anleggsperioden bør vera gjennomført før reetableringa av villreinen startar, og at dersom anleggsarbeid i reetableringsprosessen blir tillate må det leggjast kraftige restriksjonar på arbeidet, så det går føre seg mest mogleg skånsamt for reinen. Vidare at ferdigstilt anlegg i minst mogleg grad skapar barrierar for villreinen, når stamma blir og er reetablert.

Lærdal Fjellstyre er ikkje prinsipielt imot prosjektet, men me har eit særleg ansvar for å verne om dyrelivet i fjellområda me forvaltar. I ein eventuell reetableringsfase er villreinen særleg sårbar, noko som òg er årsaka til vårt standpunktet i denne saka

Lærdal fjellstyre

Lærdal, 06.03.2021